



## Statens vegvesen

Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Aurland kommune  
Vangen 1  
5745 Aurland

Behandlende enhet:  
Region vest

Saksbehandler/telefon:  
Synnøve Stalheim / 47897260

Vår referanse:  
15/218958-39

Deres referanse:

Vår dato:  
28.06.2016

### Høring – omklassifisering av eksisterende E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune

Statens vegvesen tilrår at vegen frå nytt kryss til Stalheim i Hordaland fylke til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune vert omklassifisert frå europaveg til kommunal veg. Vegen vil etter omlegging knyte saman eksisterande kommunale vegar i området, og vil i hovudsak fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemder langs vegen.

#### Saksgang

Det skal byggjast ny E16 i området frå Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune. Som følge av at E16 skal leggjast om skal eksisterande vegstrekning omklassifiserast, jf. Veglova. I samband med omklassifiseringa skal kommunane høyrast. Statens vegvesen har ansvaret med å førebu framlegg til omklassifisering av vegen. Forslag til omklassifisering skal høyrast i dei berørte kommunane. Høyringa vert gjort samtidig med at reguleringsplanen for E16 Nærøydalen er på offentleg ettersyn. Etter høyringa skal vegvesenet ha ei felles tilråding, som skal behandlast i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vedtaka frå fylkeskommunane vert oversendt Vegdirektoratet for avgjerd.

Plandokument for E16 Nærøydalen finn de her;

<http://www.vegvesen.no/Europaveg/e16neroydalen>

#### Kva strekning skal omklassifiserast


I reguleringsplan for E16 Nærøydalen vert E16 lagt om frå nytt kryss ved Slæn til nytt kryss ved Hylland lagt om. Eksisterande E16 i dette området skal difor omklassifiserast. Strekninga som skal omklassifiserast er 9,8 km.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø



Kart som viser eksisterande vegnett som skal omklassifiserast (svart heiltrekt og stipla line). Ny E16 (raud heiltrekt og stipla line) går størstedelen i tunnel.

### **Bakgrunn for vegvesenet si tilråding**

Transportbehovet på eksisterande E16 frå nytt kryss ved Slæn, og til nytt kryss ved Hylland endrar seg når ny E16 vert opna. Frå å vere ei viktig transportåre mellom aust- og vestlandet vert vegen lokal veg til grender med spreidd busetnad, og til næringsverksemdar.

Nærøydalen er eit internasjonalt reisemål, og er òg verdskjent på grunn av verdsarvstatusen. Stalheim hotell ligg ovanfor Stalheimskleivi. Stalheimskleivi er verna riksveg. Hotellet er opne i sommarhalvåret. Ved Holmen er det ei gamal gruve sør for E16 som vert brukt i turistsamanheng. Stalheimsfossen og Sivlefossen er også viktige attraksjonar for turistar. Ved Holmen i Aurland kommune er det gruverdrift. Det vert skipa ut ca. 200 000 m<sup>3</sup> anorthositt frå gruvane kvart år. Transport frå gruvane er i hovudsak via E16 til Gudvangen der steinen vert lasta over på skip. Næring elles er landbruk med hovudvekt på produksjon av mjølk og kjøt. Jordalen er innfartsområde til store støls- og fjellområde og er ein av innfallsportane til fjella i Nærøyfjorden Verdsarvområde.

Det er spreidd busetnad i området, i tillegg òg nokre fritidseigedomar. Tre kommunale vegar i Voss kommune knytter seg til eksisterande E16 på strekninga; Jordalen, Brekke og Flatland, jf. figur. Eksisterande tunnelar på dagens E16 Stalheimstunnelen og Silvetunnelen har dårleg geometri, og er ikkje i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta etter 2019. Veg i dagen på strekninga har god standard og krev små eller ingen tiltak før omklassifisering.

Dagens E16 mellom Holmen og Hylland inkluderer ein strekning som er rasutsett. Det er vanskeleg å sikre mot desse skreda. Gruvedrifta ved Holmen, med hovudtransport i retning Gudvangen gjer det likevel vanskeleg å stenge denne vegstrekninga.

Dei som bur øvst i Nærøydalen og i Jordalen brukar eksisterande veg og tunnelar (Stalheimstunnelen og Sivletunnelen) når dei skal på skule, eller jobb i retning Voss. Borna går på skule på Oppheim eller på Sundve. Ut frå omsynet til sikkerheit vil det vere negativt å

stenge dagens tunnelar. Innbyggjarane, inkludert skuleborna, i Jordalen og øvst i Nærøydalen måtte i så fall køyre via Hylland. Dette ville medført å køyre forbi det mest skredfarlege punktet.

Grunna transportbehovet langs vegen, og problemstillingane med skredfare bør difor heile vegstrekninga haldast open som offentleg veg. Dersom E16 vert oppretthalden som offentleg veg kan vegen nyttast som beredskapsrute om tunnelen til ny E16 må stengast. Å oppretthalde vegen som offentleg veg vil òg vere positivt for å kunne bruke vegen som sykkelrute.

### **Regional transportplan**

I Regional transportplan 2014–17 (23) har Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidd retningslinjer for inndeling av vegnettet. Lenke til dokumentet finn de her;

<http://www.sfj.no/regional-transportplan>. Kriterium for å definere funksjonsklasse er;

- Reiselengde og transport
- Samband mellom region- og kommunesentre, gjennomgangsvegar
- Befolkningskonsentrasjonar
- Vegtettheit
- Viktige kollektivknutepunkt
- Vegen sin omgjevnad
- Vegen sin funksjon i det nasjonale vegnettet
- Spesielle omsyn som omkøyringsveg for riksveg, del tunge kjøretøy, turisme mv.

I funksjonsklasse E – lokale tilkomstveger har vegane primært lokale funksjonar. Vegane fungerer som samlevegar og er dominert av tilkomst til bustader og verksemder langs vegane. I denne funksjonsklassen er det nokre fylkesvegar med svært låg trafikk og avgrensa funksjon. Det er også ein funksjonsklasse som passar for mange kommunale vegar.

Regional transportplan Hordaland 2013–2024 har delt fylkesvegnettet i to nivå, overordna vegar og øvrige fylkesvegar. Lenke til dokumentet finn de her;

<http://www.hordaland.no/link/regional-transportplan>. Kriterium for å bli definert som overordna veg er at eitt eller fleire av vilkåra under er gjeldande;

Kriterium 1: Viktige bindeledd i senterstrukturen

Kriterium 2: Diagonale bindeledd

Kriterium 3: Strekingar som er viktige av beredskapsomsyn

Kriterium 4: Strekingar som er viktige av næringsomsyn

Kriterium 5: Strekingar som er viktige på grunn av høg trafikkbelastning.

Det er ikkje gitt kriterium for øvrige fylkesvegar.

Slik vi vurderer det vil vegen som skal omklassifiserast primært ha lokal funksjon. Vegen vil knyte saman eksisterande kommunale vegar i området, og vil i hovudsak fungere som lokal tilkomstveg til bustader og verksemder langs vegen.

Med bakgrunn i dette vil Statens vegvesen tilrå at vegen frå nytt kryss til Stalheim i Hordaland fylke til nytt kryss ved Hylland i Aurland kommune vert omklassifisert frå europaveg til kommunal veg.

**Vi ber om innspel frå kommunane innan 01.09.2016**

Ressursavdelinga  
Med hilsen

Ellen Njøs Slinde  
seksjonsleiar

Stalheim Synnøve  
planleggingsleiar

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*